



Svein Rune Nedreås  
Hoplandsvegen 165  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8895 - 22/64640

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
28.08.2022

Klagen avvises - gbnr 315/2 Hopland

**Administrativt  
vedtak:**

**Saknr: 931/22**

**Tiltak:**

Driftsbygning i landbruket

**Byggjestad:**

Gbnr: 315/2

**Tiltakshavar:**

Svein Rune Nedreås

**Ansvarleg søkjar:**

Svein Rune Nedreås

**VEDTAK:**

**Klage datert 01.08.2022 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd**

Alver kommune viser til klage på vedtak datert 11.06.2022 om løyve til oppføring av driftsbygning, saksnr. 1113/21.

Klagar sendte inn søknad den 19.10.2021.

Den 15.03.2022 sendte kommunen brev med oversikt over manglande opplysningar. Blant anna måtte det søkjast om utsleppsløyve før byggjesøknaden kunne handsamast.

Nye opplysningar ble sendt inn den 30.03.2022.

Utsleppsløyve ble søkt den 30.03.2022, men trekt den 11.05.2022. Deretter søkt på ny den 23.05.2022. Utsleppsløyve ble gjeve den 08.06.2022. og løyve til oppføring av driftsbygning den 11.06.2022.

Klagar skriv følgjande:

I forbindelse med vår forenkla byggemelding på driftsbygning, sendt til dere i oktober 2021, har vi no fått faktura på basisgebyr og mangelbrev . Dette ser vi på som en ting dere må vurdere sterk å slette etter at dere har overskredet alle tidsfrister, og kommet med lite seriøse unnskyldninger for utsettelse av frister. Vi leverte inn søknad i oktober ved hjelp av deres ansatte for å vere sikker på at alt blei gjort riktig. Likevel måtte det til flere purringer fra vår side for å få svar fra dere, på en sak som egentlig har tidsramme på noen uker, men det tok 8 mnd. (Fikk svar 15.06.22)

For vår del har kostnadene steget med minst 1,6 millioner pga ventetiden.

I den forbindelse mener vi at det bør gis fritak for hele saksomkostningene i dette tilfellet, og vil derfor holde tilbake regningen til dere har behandlet saken.

Venter å høre fra dere.

Mvh Lisbeth og Svein Rune Nedreås

### Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav ber eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personen».

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så fram det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

På bakgrunn i det ovannemnte er gebyret ikkje som eit enkeltvedtak å rekne. Kommunen fastsett gebyret på bakgrunn av førehandsgitte satsar, utan individuell vurdering. Det er svært uheldig at det teke kommunen lang tid å handsame søknaden, men ein eventuell overskriding av sakshandsamingstida i ein 3-ukers sak fører diverre ikkje til gebyrtap jf. pbl. § 21-7(1) andre setning som sei: «[d]ersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt». Dette gjeld berre når tiltaket er i samsvar med føresegna i plan- bygningslova, noko søker har risikoen for. Dersom søknaden ikkje er fullstendig ved at det for eksempel manglar utslippsløyve, vil søknaden ikkje vere fullstendig, og sakshandsamingsfristen ikkje begynne å løpe.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Svein Rune Nedreås

Hoplandsvegen 5919  
165

FREKHAUG